

**Fra:** Elin Golten (Elin.Golten@hfk.no)

**Sendt:** 22.07.2015 13:47:57

**Til:**

'trude.hege.bergesen@kvinnherad.kommune.no' (trude.hege.bergesen@kvinnherad.kommune.no)

**Kopi:** Ruth Ørnholt

**Emne:** VS: Innkjøp e-bøker for konsortiet i Hordaland

**Vedlegg:**

Hei Trude Hege,

Sjå melding under frå januar ang. ramme for innkjøp av e-bøker i 2015. Sidan Sogn og Fjordane ikkje lenger skal nytte bokbåten, blir det auka leige for dei to fylka der bokbåten framleis skal gå. I Hordaland må fylkesbiblioteket dekke denne auken inn på eige budsjett. Vi ser det derfor som naudsynt å kutte 100.000 av midlane som i år skulle ha gått til innkjøp av e-bøker, og nytte dette til å kompensere for auka leige for bokbåten.

Vi håper og trur at dette vil ha mindre verknad for biblioteka sidan mange e-bøker som vi tidlegare ville ha kjøpt inn for eigne midlar, no kjem over Kulturfond. Det har jo også vore lite aktuelt å kjøpe inn e-lydbøker. Det ser ut som de til no i år har nytta i underkant av 90.000 til e-bøker, så då er det om lag 110.000 igjen å kjøpe e-bøker for i år. Så får vi håpe ei totalramme på 200.000 i 2015 er tilstrekkeleg til å gje oss ei god e-boksamling.

Som vore innkjøparar og ekspertar på e-boksamlinga i Hordaland, er du/ de sjølvsagt velkomne til å kome med synspunkt om dette - sjølv om vi ser at vi har få andre val enn å kutte nettopp her.

Venleg helsing

Elin Golten  
Spesialrådgjevar  
Kultur- og idrettsavdelinga | Fylkesbiblioteket

Tlf: 55 23 93 73  
www.hordaland.no

-----Opprinnelig melding-----

Fra: Elin Golten

Sendt: 8. januar 2015 15:20

Til: 'trude.hege.bergesen@kvinnherad.kommune.no' (trude.hege.bergesen@kvinnherad.kommune.no)

Emne: Innkjøp e-bøker for konsortiet i Hordaland

Hei Trude Hege,

Beklagar litt seint tilbakemelding, det vart litt om og men her med kulturfondsett og slikt.

Men i utgangspunktet er ramma også i år på kr. 300.000, men då for både e-bøker og evt. e-lydbøker til saman. I tillegg får konsortiet vårt (med forbehold om resultat ved politisk handsaming av sak som vi har sendt om dette til Kultur- og ressursutvalet i Hordaland) 3 sett e-bøker på kulturfond frå Norsk Kulturråd, 3 for vaksne og 3 for barn. Det blir snarleg sendt ut info om dette til alle biblioteka, men det er ikkje heilt offentleg enno - så berre hald det for deg sjølv enn så lenge.

Vi har planleggingsdagar her på fylkesbiblioteket i dag og i morgon, og kriterier for innkjøp av e-bøker står på agendaen i morgon. Eg gjer deg ny melding etter det dersom vi kjem fram til særskilte ønskja kriterier. Uansett vil jo profilen for innkjøp måtte endra seg noko når vi får kulturfondsett, då vi ikkje treng å gå til innkjøp av så mange av dei e-bøkene.

Tusen takk for at du er så på saka med innkjøp av e-bøker! :-)

Venleg helsing

Elin Golten  
Spesialrådgjevar  
Kultur- og idrettsavdelinga | Fylkesbiblioteket

Tlf: 55 23 93 73

www.hordaland.no

-----Opprinnelig melding-----

Fra: Bibliotek [<mailto:bibliotek@kvinnherad.kommune.no>]

Sendt: 6. januar 2015 11:19

Til: Elin Golten

Emne: SV: Statistikk, desember, Weblån

Takk.

Skal innkjøpet fortsette som før i 2015?

Rammer?

Mvh

Trude Hege